




BREMANGER KOMMUNE

ADMINISTRASJONSSJEF



Kunnskapsdepartementet - Barnehageavdelinga
Postboks 8119 Dep

0032 OSLO

Vår ref.
07/1569-2/K2-A10, K3-&13//GSK

Dykkar ref.

Dato:
14.01.2008

HØYRING OM ENDRINGAR I BARNEHAGELOVA - HØYRINGSUTTALE FRÅ BREMANGER KOMMUNE

• HØYRINGSFRIST.

Det er på sin plass å merkje at høyringsfristen har vore alt for kort. Dei siste 4-5 vekene i året er dei mest hektiske både for barnehagar og i det kommunale systemet elles. Dette gjer at arbeidet med denne viktige høyringsuttalen ikkje har fått den merksemda den burde ha fått.

• LOVFSTA RETT.

Ein lovfesta rett til barnehageplass vil styrke barnehagen sin plass i utdanningssystemet og vil kunne sikre likeverdig tilgang til gode pedagogiske tilbod og omsorgsordningar for alle barn.

Svært mange kommunar har no full barnehagedekning ut frå dagens behov, og mange andre er i ferd med å få det. Det er og positivt at departementet innfører retten til barnehageplass for alle barn som har fylt 1 år, og at retten og gjeld for den plasstypen foreldra har trong for.

Det trengs likevel ein noko nærare presisjon av korleis ein skal forstå dette. Dersom det skal vere eit inntak pr. år, vil barn som er fødte i september vere nærare 2 år før dei får barnehageplass. Det må difor ei avklaring til ang. opptak i løpet av barnehageåret.

Departementet meiner at lovfesta rett til barnehageplass ikkje vil auke etterspurnaden.

Vi meiner at dette er vanskeleg å forutsjå og at etterspurnad vil vere ein variabel på same måte som svingingar i fødselstalet. Dette har vore ei reell problemstilling her i Bremanger som vi har hatt full barnehagedekning ei tid.

Framlegget til lovtekst som ligg føre, ivaretek kommunen si plikt til å ha plass innanfor kommunegrensa på den måten at om det manglar plassar i ein del av kommunen, kan det vere ledig kapasitet og dermed tilbod om plass i ein annan del av kommunen. Dette kan nok vere reelle alternativ i nokre kommunar, men i ein vidstrekt kommune som Bremanger, kan dette bli ei stor utfordring.

Kontoradresse:
Rådhuset
6721 SVELGEN

Postadresse:
Postboks 104
6721 SVELGEN

Telefon / telefaks:
57 79 63 00
57 79 63 01

E-post / web:
gs@bremanger.kommune.no
www.bremanger.kommune.no

Bankgiro:
3776.07.50035

Ut frå intensjonane i rammeplanen om overgang frå barnehage til skule, vil det vere naturleg å stille spørsmål om barn bør ha rett til barnehageplass innanfor den skulekrinsen dei høyrer til i.

- **RAMMEFINANSIERING.**


Vi har forståing for departementet sine intensjonar om å gje kommunane eit heilskapeleg ansvar for barnehagesektoren, og at innlemming av statstilskotet til barnehagane i rammetilskotet, er ein del av dette.

Talet på barn i barnehagane og kor mange barnehageplassar som er i bruk, varierer kvart år. Desse variasjonane tek dagens finansieringsordning opp i seg, og det vert betalt ut statstilskot for den reelle barnehagedrifta. Rammefinansiering av barnehagane vil ikkje kunne ta desse variasjonane opp i seg.

Erfaringar tilseier og at overgang til rammefinansiering inneber stramare økonomi for kommunane. I denne samanhengen vil barnehagane komme i ein konkurranseposisjon om dei statlege midlane som vert overførte. Det kan bli ein kamp mellom dei svakaste gruppene i samfunnet, og vi ser klårt at barnehagane kan bli dei som tapar den kampen. Det er difor viktig å tenkje over om ny finansieringsordning kan verte eit trugsmål for kvaliteten i barnehagetilbodet og tryggleiken i barnehagen.

Vi meiner at overgang til rammefinansiering bør utsetjast til ein ser dei økonomiske konsekvensane av innføring av lovfesta rett til barnehageplass.

Med helsing



Gunnar Skjølberg
rådgjevar